



Cafe TI-aren har denne tysdagen hatt eit besøk som lovar det beste for haust-sesongen. Det møtte fram 64, og fordelinga var 52 vaksne og 12 born.

Til og med tyske turistar var å sjå i flokken, som det måtte kallast inn ekstramannskap for å betjena. - Dette lovar svært godt framfor haustsesongen, seier Berit Harriet Døssland, som måtte jobba ekstra. Ho fortel at det vart selt for meir enn 1.200 kroner, sjølv om maksimalprisen framleis er berre 10 kroner!

På biletet sit ein kvartett som gler seg over det gode frammøtet. Frå venstre sit Selma Eik, Marit Hauge, Berit Harriet Døssland og Berit Myklebust.

(Foto: Ola Matti Mathisen)